

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~XXX~~  
 Tilleggsspørsmål nr. '6  
 Emne: Folkelige musikkelementer  
 Oppskr. av: Edvard Grinestad  
 (adresse): Lillehammer  
 Fylke: Oppland  
 Herad: Skjåk  
 Bygdelag: "  
 Gard: Grinestad  
 G.nr. Br.nr.  
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både - og -  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ingen eg har spurt, kjinner til det.

2. Ukjent.

3. To uthola brestykke som var limma saman med smælein innri kunne vera gjorde. Dette var kalla skraugle.


4. Det er kjent at ein kan få fram smell på dei yngre målar som er nemnde i spørsmålet: ved å legge eit stort lauvblad over den ringen ein kan få til ved å krakje peikfinger og tumarsfinger mot ein annan, og slå til blodet med hi flatanda. - Smelle ein pose fylt med luft, smelle blommar som det var ein luftpose på (folosomblome og smelle dei mest kjende). - Flere målar å kripse med fingrane, slå heudene mot ein annan, - Svipesmell, - slå for skrall, - (dei meinte det kunne hjelpe for surt gale ved dyr at dei slo dyret for skrall, d.v.s. dei

bruddt ein fjöl-eude framfor skallen  
 på dyret og slå hardt på  
 fjøla med ein okshamar ell. likt.  
 Ein kjenns til at det var brukta  
 for øykjes som var sla. Det var  
 da noko slikt som det moderne  
 sjakk.

At dei skaut i jula skulle  
 nok vera til å halde dei  
 vunde makter leude.

5. Kråksmella var vel brukta,  
 ikkje bene til å skreme levande,  
 byrlege, men og usynlege  
 utfrykje med.

Eg veit ikkje om Kråksmella  
 kjem med i spørsmål seinare,  
 men eg tek ho med her likevel.



Som ein ser er det ei ræme av tre  
 med ein rifla kaul som er inni  
 ræma og med ein eude til å  
 halde i utanom ræma. Trø  
 sidestykkene i ræma går det  
 to tre-fjorv burt på riflingane  
 på kaulen, ei fjor på kvar side.  
 Når ein svingar ræma rundt  
 kaulen, vil fjorene slå mot riflin-  
 gane etter som dei flytjer seg, og  
 det blir støtt loen.